

Notat

4.2.2013 / Oddmund Hoel

Om prosjektet «Samfunnsperspektiv på lagsbruksoga»

Dette er skriva etter samtale med Nils Seland 2. februar der eg lovde å koma med nokre synspunkt på prosjektet som er under utforming.

Fyrst: Det er særst gledeleg at det er teke eit initiativ til eit større dokumentasjons- og historieprosjekt om lagsbruka. I historia til norskdomsrørsla og målreisinga er det eit av dei mest under-forska felte. Det er kanskje ikkje så vanskeleg å skjønna at ei rørsla der kulturspørsmåla og det friviljuge arbeidet har stått i sentrum, har vore mindre oppteken av dei trivielle økonomiske sidene av si eiga historie. Men lagsbruka har òg hatt ei særst viktig rolle som kulturelle og kulturpolitiske flaggskip i lokalsamfunna, som ein kunne venta hadde vekt større interesse.

Eg skal i det følgjande peika på nokre punkt som eg trur det er viktig å tenkja gjennom og avklara no planleggingsfasen. Somt av dette er heilt sikkert slikt prosjektgruppa har tenkt på, men i den grad eg sparkar inn opne dører, frå de bera over med det. Eg har ikkje hatt tid til å gå noko særleg inn i det arbeidet som faktisk er gjort av Ottar, Nils og andre, så det som følgjer, yter ikkje nok rettferd til dette arbeidet.

1. Kva er eit «lagsbruk»?

I utkastet til søknad har «lagsbruk» fått ein temmeleg vid definisjon som inkluderer både dei private skulane som norskdomsrørsla tok initiativet til og/eller dreiv, teater, prenteverk, forlag, aviser/bladtiltak, kaffistover og bondeheimar. Skal ein fyrst gå breitt ut, kunne òg ungdomshusa vore tekne om ein ynskjer eit betre totaloversyn over eigedomsmassen til norskdomsrørsla.

Men her trur eg ein klarare grenseoppgang kan vera nyttig. I tal var serverings- og overnattingsverksemdene dei klart viktigaste (162 av dei 212 identifiserte lagsbruka i Nynorsk faktabok 2005). Dei, og nokre få andre verksemdar, hadde som ein viktig del av føremålet å gje overskot som kunne setjast inn i kulturpolitisk arbeid. Mange av dei andre verksemdene (skular, teater, aviser/bladtiltak og forlag) vart vel i større grad etablerte av kulturpolitiske grunnar og i mindre grad ut frå ein ide om at dei skulle generera eit økonomisk overskot, og de facto var dei vel langt oftare

underskotsføretak enn kaffistovene og bondeheimane som til dels var pengemaskinar. Dei andre lagsburka er nok difor meir interessante som reiskapar for det kulturpolitiske arbeidet til rørsla enn som forretningsføretak.

Eit fyrste steg bør vera å laga ein dokumentasjon med nøkkelopplysningar over dei lagsbruka som faktisk finst. Dette er vel eit stykke på veg alt gjort(?). Eg tenkjer då på slikt som type verksemd, eigaropplysningar, skipings- og ev. nedleggingsår, viktige endringar/utvidingar av drifta, sentrale aktørar både i skipinga og ymse driftsfasar, nøkkeltal både for drift og investeringar, eigeidomar, tal og type tilsette osv. Til dette kjem òg ei kartlegging av kor mykje overskot til eigarane og tilskot andre ideelle føremål dei ulike lagsbruka genererte.

Det er òg naudsynt å kartleggja eksisterande arkivtilfang og det som måtte finnast av litteratur, som primært sikkert er kapittel i lagssoget og jubileumsskrifter.

2. Norskdomsrørsla som økonomisk system

Grenseoppgangen i førre punkt er relevant for det eg ser som noko av det mest verdfulle med eit større lagsbruksprosjekt: Høvet det vil gje til å studera norskdomsrørsla som økonomisk system. I fyrste omgang er det rett og slett snakk om kartlegging av pengestraumane i rørsla. Kva vart overskotta frå lagsbruka nytta til, og korleis vart organisasjonar og tiltak i rørsla finansierte? Det er kjent frå litteraturen om målrørsla at lagsbruka var viktige i å finansiera nye institusjonar, tiltak og aktivitet. Særleg har dokumentasjonen i samband med 2001-utstillinga og dei ulike utgåvene av *Nynorsk faktabok* fått klarare og meir systematisk fram enn dei glimta me har fått gjennom lagssoget.

Det me framleis manglar, er eit godt bilete av heilskapen. Lagsbrukskatten som gjekk frå lagsbruka til dei nasjonale samskipnadene (Noregs Ungdomslag og Noregs Ungdomslag) er det kanskje lettaste å få taket på – han er òg kartlagd eit stykke på veg av Ottar. Det same gjeld finansieringa internt i eigarlaga – korleis bondeheimane og kaffistovene til dei lokale ungdomslaga og mållaga var med på å finansiere lagsverksemda. Finansieringa på tvers er vanskelegare å kartleggja, som den rolla lagsbruka i Bergen hadde i å finansiere den fyrste bibelutgåva, og den støtta mange lagsbruk gav til dei nynorske avisene.

Heilt konkret er dette snakk om å studera utgiftssida i gjevarføretaka og inntektssida i mottakarføretaka.

3. Lagsbruka i lokalsamfunnet

Verknaden av dei mange lagsbruka kan nok primært målast i lokalsamfunnet. Bondeheimane og kaffistovene ikring i norske byar og tettstader var fyrst og fremst synlege i lokalsamfunnet, som fysiske uttrykk for den lokale mål- og ungdomsrørsla. Ein studie av samfunnsverknaden av lagsbruka lyt nok difor fyrst og fremst ta utgangspunkt i lokalsamfunnet. Kva posisjon og funksjon hadde lagsbruka i lokalsamfunnet? Var det primært institusjonar for dei som sokna til rørsla, eller var det viktige møteplassar i lokalsamfunnet og regionen? Korleis var den økonomiske ringverknaden? I kva grad følgde det ei språk- og kulturpolitisk profilering med lagsbruka, og i kva grad var dei berre ordinære serverings- og overnattingsstader utan tydeleg kulturell profil?

Her kan det vel ymsa mykje frå stad til stad. Ein kan tenkja seg djupnestudium av eit utval stader som som fangar opp ein variasjon, som kanskje kan leggja grunnlaget både for ei nærare kategorisering av ulike stader/lagsbruk og av meir samla vurderingar av dei lokale samfunnsverknadene.

4. Eit samanliknande perspektiv

Som utkastet til søknad peikar på, har òg andre rørsler hatt sine «lagsbruk» - misjonsrørsla, fråhaldsrørsla, arbeidarrørsla og bonderørsla vert nemnde. Det kan vera mykje å henta i å leggja eit komparativt perspektiv til grunn. Dels kan det finnast forskingsarbeid om dei andre rørslene som kan ha direkte overføringsverdi i utforminga og gjennomføringa av prosjektet. Og dels kan denne litteraturen gje ein nærare ide om kor viktig lagsbruka var for norskdomsrørsla jamført med økonomiske føretak i andre rørsler.

Den meste effektive måten å byrja kartlegginga av denne forskinga på, er nok å ta ein prat med historikarar som har arbeidd med dei andre rørslene – som Harald Berntsen som har skrive om Folkets Hus, Stig-Audun Hansen og Vivi Aaslund som har skrive LOs historie, Olaf Aagedal og Bjørg Seland som har arbeidd med misjonsrørsla, og Olav Rovde som har skrive bondelaget si historie (1896-1945). (Dette er berre spreidde døme som eg kom på i farten.)

5. Institusjonshistorie vs. verknadshistorie

Utkastet til søknad listar opp fleire tema som er aktuelle å røkja etter når ein går laus på stoffet. Tema som er nemnde, er til dømes merkevarebygging, rusdebatt, arkitektur/utsmykking, innslaget av kvinner, profesjonaliseringsbehovet etter 1950 osv.

Dette er tema som i fyrste omgang primært har å gjera med den indre institusjonshistoria. Dette, saman økonomien i føretaka, må kartleggjast for at ein skal ha grunnlag for å seia noko meir. Men ambisjonen her lyt vel òg vera, slik prosjekttittelen(?) «Samfunnsperspektiv på lagsbrukssoga» ber bod om, å seia noko vesentleg om *verknadshistoria* til lagsbruka. Det er iallfall ein verknad i tre retningar:

- i høve til resten av norskdomsrørsla (utanom økonomi gjeld det spørsmål som rekruttering av forretningskyndige, kvinner, bygg som danna reint fysiske rammer for lagsverksemda og var sosiale samlingspunkt osv.)
- i høve til lokalsamfunnet (er alt nemnd)
- i høve til profileringa av norskdomsrørsla i ein større samanheng (i kva grad har ungdomsrørsla og målrørsla vorte assosierte med lagsbruka?)

oddmund.hoel@hisf.no

Mob 970 21 194